

Hva skjer i politiet?

Det er ikke lett å bli klok på det som skjer i politiet. Det utdannes stadig flere politifolk fra politihøgskolene. Bevilgningene til politiet har økt til et rekordnivå og blant annet gjort det mulig å få langt flere sivile stillinger i politiet – noe som i utgangspunktet skulle bety at en frigjorde politifolk til operativ tjeneste.

Og så er resultatet, slik vi ser det i Hedmark, at politiet må kutte i budsjettene sine med den følge at en lang rekke forbyrtyelser ikke skal etterforskes. Politimester Tormod Bakke har satt

opp en prioritetsliste der det går klart fram hvilke typer saker en ikke skal prioritere og som skal vurderes henlagt. Altså: Politiet har mer penger enn

noen gang – og har samtidig ikke kapasitet til å etterforske en lang rekke forbyrtyelser. Dette henger ikke på greip, for å si det mildt.

Saker som nå skal vurderes henlagt, er ulike typer hverdagskriminalitet, økonomiske forbyrtyelser, trussel- og sjikanesaker av mindre alvorlig karakter, mindre bedragerier og brudd på veitrafikkloven der det ikke er personskaade. En kan godt si at dette er saker som ikke inkluderer alvorlig kriminalitet, men det er like fullt saker der folk flest forventer at politiet trår til.

Politimesterens prioritetsliste er langt på vei et «klarsignal» til kriminelle om at faren for å bli tatt når det gjelder saker av mindre alvorlig karakter, er minimal. Det er kriminalitet som folk flest kan bli utsatt for, for eksempel tyveri og naskeri. Dette bryter med folks alminnelige rettsopfatning. Det kan ikke være slik i vårt samfunn at politiet indirekte gir «grønt lys» for visse typer kriminalitet ved på forhånd å varsle at slike saker nesten per definisjon vil bli henlagt.

Trolig blir det å skyte på politimesteren i denne sammenheng som å skyte på pianisten. Politimesteren har sine budsjetter å forholde seg til. De må han overholde. Dermed går ballen direkte tilbake til justisminister Knut Storberget. Storberget har gjort en stor innsats og sørget for at politiet har mer penger å rutte med enn noen gang. Han har sørget for at det utdannes mye mer politifolk enn før, og han har fått ned soningskøene. Alt dette må han ha ros og anerkjennelse for. Men samtidig må justisministeren forklare vanlige folk hvorfor noe av resultatet av opprustningen er at politiet vil henlegge saker i langt større utstrekning enn tidligere. Storberget må forklare oss hvordan dette henger sammen.

Hotell i Stange


Det er planer om å bygge hotell på Tingvold i Stangebyen. Det vil dekke et etterlengtet behov på flere områder, for eksempel i forbindelse med arrangement i Stangehallen.

Derfor er det viktig at planleggingen fortsetter og at en får fakta og kalkyler på bordet. Et hotell vil sammen med en opprustning av Tingvold være et positivt og viktig bidrag til utviklingen av Stangebyen.



Kven er det som skal bestemme kva ein skal forske på?

JENS HAUGAN



HARALD EIA: Programleder Harald Eia med programmet «Hjernevask» har vakt oppsikt og diskusjon.
 FOTO: BERIT ROALD/SCANPIX

MOBILTELEFONEN: Teknologien til mobiltelefonen blei oppfunnen i Noreg i si tid og tydelegvis funnen så lite samfunnsnyttig at ideen blei seld til ein dekkproducent i Finland. Dei som ikkje såg på dette som samfunnsnyttig den gongen, angriar seg nok den dag i dag, skriv Jens Haugan.

FOTO: TROND LILLEBO

Samfunnsnyttig forskning?

Harald Eia er i vinden igjen for tida, og igjen klarer han å skape debatt. Den eine sida av debatten dreier seg om måten Eia presenterer dei ulike tema på. Den andre sida av debatten er meir generell.



JENS HAUGAN
 førsteamanuensis i norsk
 Høgskolen i Hedmark

DEBATT

Spørsmålet er om det er arv eller miljø som er forklaringa på ulike fenomen i verda. Det er mange forskarar som er interesserte i denne problematikken ut frå ulike ståsted.

Enda ei side ved dette er at det finst mange som har ulike meningar om forskning i seg sjølv. Kva er det som er viktig å forske på? Og kven er det som eventuelt skal bestemme kva ein skal forske på?

Einar Lang-Ree uttalte seg på s. 25 i HA 7. april om forskarane ved Høgskolen i Oslo som kravde forskingsmessig fridom. Lang-Ree trekte fram eit døme frå Eia sitt TV-program der nokre forskarar hadde bytt fugleegg for å forske på om endra oppvekstmiljø ville påverke songen til fugleavkommet. Lang-Ree stiller spørsmål ved om dette kan seiast å vere forskning til samfunnets beste, og han går så langt som å kalle dette å leike. I tillegg skreiv Lang-Ree at gløken «galer» i dag, akkurat som den gjorde for hundre år siden for å latterleggjere forskarane burde det ikke heller forskes på området «vett og forstand»?

Gammalnorsk

Eg sjølv fekk i fleire år statlege middel til å forske på gammalnorsk og har vel heller

ikkje verken vett eller forstand, sidan mange lekfolk (leikfolk?) vil kunne meine at dette ikkje er samfunnsnyttig forskning. No er eg jo tilsett som lærar og forskar i norsk, og eg bruker kunnskapen min både i undervisninga og i dei språklege artiklane eg skriv med jamne mellomom. Det er ikkje sjeldan eg viser til gammalnorsk for å forklare fenomen i moderne norsk. Sånn sett vil kanskje den eine eller andre innrømme at alle dei åra eg prøvde på å forstå gammalnorsk grammatikk, også er samfunnsnyttige.

Men korleis er det no med desse fugleegga? Eg har verken sett TV-programmet eller prøvd å finne ut kva dette forskingsprosjektet går ut på. Men eg ser utan større problem korleis dette kan vere samfunnsnyttig forskning. I språkvitskapen har det etter at Noam Chomsky på nittenfemitalet byrja å utvikle ein teori om ei universell språkevine, blitt forska meir og meir på i kva grad språk- evna er medfødd (arv), i staden for at ein går ut ifrå at absolutt alt er innlært (miljø).

Musehjernar

Dersom vi aksepterer at mennesket har svært mykje felles med dyra, vil det alltid vere relevant å forske på dyr for å lære om mennesket (samfunnet). Det meste vi veit om menneskehjernen, har vi t.d. lært via å forske på musehjernar. Ei rekkje forskingsprosjekt er etisk sett lettare å gjennomføre på dyr enn på menneske. Det vil t.d. ikkje vere så enkelt å byte ut barn for å sjå om dei utviklar seg annleis hos ein annan familie. Det finst likevel mykje forskning også på dette feltet, fordi det finst barn som av ulike grunnar ikkje kan bu saman med den biologiske familien sin.

Når det gjeld Lang-Ree sitt døme med gauken, er det faktisk slik at gauken som dyr og fenomen har utvikla seg slik at gaukingen blir fostra opp av andre fugleartar. Dette har tydelegvis vore eit evolusjonsmessig fortrinn for akkurat gauken, og gauken har utvikla seg genetisk slik at

han kan leggje egg som liknar på andre fugleartar sine egg. Ein kan altså ikkje nødvendigvis bruke gauken som eit døme på kva som vil skje med andre fuglar, sidan gauken har hatt tusenvis av år på å tilpasse seg genetisk til akkurat denne situasjonen.

Eit slags språk

Ut ifrå min ståstad vil eg tenkje på fuglesong som eit slags språk. Vi menneske lærer jo morsmålet gjennom det miljøet vi blir utsett for. Likevel kan vi ha genetiske feil som gjer at vi ikkje lærer alle delane av språket like godt. Det er ikkje usannsynleg at fuglane i forskingsseksperimentet vil syngje på same måte som om dei hadde vakse opp hos sine genetiske foreldre. Men kva slags konsekvensar vil dette eventuelt ha? Vil dei bli kasta ut av reiret fordi dei snakkar/syng utanlandsk? Vil dei bli hakka på av eventuelle sysken? Vi menneske har utvikla avanserte samfunn, og vi trur gjerne at vi også har utvikla oss slik at vi sjølve er ansvarlege for og bevisste på alt vi tenkjer og gjer. I vårt samfunn er det mange fremmende fuglar i reiret, og dei snakkar ofte på ein annan måte enn ein sjølv. Dessverre er det slik at fremmende fuglar med aksent eller dårlege norskkunnskapar blir hakka på eller ekskluderte i det norske samfunnet, sjølv om det eventuelt har rett hudfarge.

Det hadde derfor vore eit svært interessant og samfunnsnyttig spørsmål om denne fremmdrykra delvis har genetiske årsaker, eller om ein utelukkande kan skynde på miljøet. Når det er sagt, teknologien til mobiltelefonen blei oppfunnen i Noreg i si tid og tydelegvis funnen så lite samfunnsnyttig at ideen blei seld til ein dekkproducent i Finland. Dei som ikkje såg på dette som samfunnsnyttig den gongen, angriar seg nok den dag i dag. Så kanskje er ikkje egg-prosjektet så koko likevel.